

## Svar på spørsmål frå Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim ang godstilbod til Eikemo

Representanten **Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (SP)** har stilt slikt spørsmål:

Det står lista opp ulike stader som har godsruiter. Tidlegare fekk den veglause grenda Eikemo i Etne kommune tilskot til frakt av gods, då det ikkje er noko fast rute der. Dette tilskotet var oppe til diskusjon, det blei då opplyst at fylkeskommunen ikkje hadde hatt godsruiter på fleire tiår, men frå saka her går det fram at både Austevoll, Espevær og Hernar har godsroute. Finn dette underleg. Ligg tilskotet til Eikemo inne framleis?

Fylkesdirektøren:

Når det gjeld det som her vert omtala som godsroute i Austevoll, Espevær, Hernar og områder i Sogn og Fjordane så er det ikkje tale om reine godsbåtar, men passasjerbåtar der ein har stilt tilleggskrav til frakt av gods. Hovudtilbodet er altså ei passasjerbåtrute, der ein har stilt tilleggskrav til fartøy som t.d. dekkareal for frakt av bilar, gods og kran for lasting og lossing.

Den veglause grenda Eikemo får utbetalt eit tilskot for frakt av gods. Dette tilskotet er ca. kr. 100 000,- per år.